

BAB 11 – Andre typer bygg og anlegg (småbåtanlegg i sjø og vassdrag + naust)**SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG + NAUST - EIKANGERVÅG**

Gbnr.: 213/17


Føremål i dag: LNF

Areal storleik: 1,4 daa

Forslagstilar: Roald Fyllingsnes

Omtale av området:

Omsøkt areal ligg i eit etablert naustmiljø med 8 eksisterande naust. Føreslått omdisponert til naustområde. Ønskje om oppføring av 2 naust og bryggje.



	Tema	Konsekvens	Merknad
	Overordna strategiar/ samfunnssdel/ planprogram		Ikkje i tråd med fastsatt avgrensing av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for i planarbeidet. Kan vere i strid med nasjonale og regionale føringar for forvaltning av strandsona.
Miljø	Forureining, klima og miljø		Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko. Ingen kjente konfliktar med anna forureining.
	Landbruk og jordressursar		Bebygd areal.
	Naturmangfold, vassmiljø og verna vassdrag		Eikangervågen; marin naturtype bløtbunnsområder i strandsona.
	Landskap		Landskapstype; LT 21-02 Middels brede fjordløp. Omsøkt tiltak vil vere ei fortetting av eksisterande naustmiljø.
	Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv		Ikkje del av kartlagt friluftsområde.
	Klimatilpassing		Vil verte råka av havnivåstigning og fare for stormflo. Vert ivareteke av føresegn knytt til planlegging og bygging i slike områder.
	Strandsone		Etablert naustmiljø. Omsøkt tiltak vil bygge ned tilgang til strandsona, men arealet på austsida er ikkje bebygd.
Samfunn	Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner		Ingen kjente registeringar.
	Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
	Transportbehov		Antas å vere bilbasert fordi brukarane ikkje må vere frå nærområdet, men aukinga i transportbehov antas å være begrensa.
	Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA)		Kommunal veg Fyllingsnesvegen. Tilkomst til området via privat veg tett på etablert bustadhus. Vil ikkje kunne oppfylle krav til parkering. Omsøkt areal ligg i omsynssone KDP E39.
	Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit		Potensielle farar er skred, ustabil grunn, flaum i vassdrag, skog-/lyngbrann, kjemikalieutslepp og annan forureining og tilkomst for utrykkingskøyretøy. Sjå ROS-analyse for detaljert informasjon. Ingen av farane blir vurderte til å vera umoglege å handtera med avbøtande tiltak.
	Folkehelse		Omsøkt tiltak vil bygge ned tilgang til strandsona, men arealet på austsida er ikkje bebygd.
	Barn og unge		Omsøkt tiltak vil bygge ned tilgang til strandsona, men arealet på austsida er ikkje bebygd.

SAMLA VURDERING

Omsøkt tiltak er ikkje i tråd med den avgrensinga av kva innspel på naust og småbåthamnområder ein opna opp for å vurdere i planarbeidet. Det er utfordring med tilkomst og parkering. Det er ei regulert småbåthamn på andre sida av sundet. Omsøkt tiltak ligg innanfor omsynssone for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen.

TILRÅDING

Innspelet vert ikkje tilrådd.

Endra i PMU 19. juni 2019

Innspelet vert tilrådd.

ENDRA ETTER PLANVEDTAK 15. OKTOBER 2019

Arealet er endra etter semje i dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland 25. september 2019.

Arealet er redusert til 0,6 daa og omfattar berre eksisterande naust.

